

Til fylkesordfører Anne Gine Hestetun

Hordaland fylkeskommune

INTERPELLASJON TIL HORDALAND FYLKESTING 12. OG 13. JUNI 2019 OM TILSLUTNING TIL LYNTOGFORUM VESTLANDSBANEN OVER HAUKELI.

Lyntogforum Vestlandsbanen vart etablert i 2014 av Hordalandskommunane Samnanger, Kvam, Jondal, Etne, Ullensvang og Odda og ei rekkje kommunar i Rogaland og Telemark. Målet var å arbeide for eit høgfartsbanenett (lyntog) i Norge (m.a. Vestlandsbane over Haukeli med forgreining til både Bergen og Stavanger) og til nabolanda.

Sidan 2014 har mange kommunar, bedrifter og organisasjonar slutta seg til - samt Telemark fylkeskommune (2016) og Rogaland fylkeskommune (2018). Stavanger bystyre slutta seg til i 2017. 13.mars 2019 vedtok Bergen bystyre med stort fleirtal (AP, KrF, V, SV, SP, MDG og Raudt) å slutte seg til Lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli. Både utifrå dei store klimautfordringane, distriktpolitikk, storsatsing på kollektivtrafikk, godstrafikk over på bane og skape gode alternativ til flytrafikken aust-vest, er dette særskilt framtidssretta.

Ei slik satsing kjem ikkje i konflikt med å prioritere oppgradering av Arna-Voss og andre deler av Bergensbanen dei komande åra.

På denne bakgrunn vil eg spørje fylkesordføraren:

Vil fylkesordføraren arbeide for å realisere eit framtidig lyntog til Vestlandet/Hordaland/Bergen?

I tilfelle svaret er ja, korleis vil fylkesordføraren fylgje dette opp politisk?

Forslag til vedtak:

Hordaland fylkesting sluttar seg til Lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli.

Odda, den 5.juni 2019

Terje Kollbotn (fylkestingsrepresentant for Raudt)